



Dato: 29.04.2016  
Vår ref.: 2015/10661-169  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Referanse for Kamilla Tran

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for arbeidet med [UKM Hordaland](http://www.ukm.no/hordaland) og avvikling av UKM-festivalen i Hordaland kvart år. Dei siste åra har det gjennom avviklinga av festivalen i Hordaland vore eit større arbeid knytt til UKM Media, eit initiativ frå UKM Norge. Arbeidet i UKM Media inneber m.a. fleirkamera-opptak og livestreaming av framsyningane på fylkesmønstringa, samt arbeid med å ta bilete av alle deltakerane (både på og bak scena) og lage intervjusaker til nettsida [www.ukm.no/hordaland](http://www.ukm.no/hordaland). For å kunne halde fram dette arbeidet er det naudsynt å ha ei nettredaksjon under namnet UKM Media. Vidare er UKM Media ein av kategoriane som ungdom kan delta på under UKM og Kamilla Tran var ein av dei 16 ungdommane som deltok i denne kategorien under festivalen som vart arrangert på USF Verftet 15.-17.april 2016.

Å jobbe i UKM Media er ei svært nyttig erfaring for å lære seg å arbeide innanfor medieproduksjon. Arbeid for ungdommane i UKM Media inkluderte følgjande; grafisk utforming, redigering av bilde og video, intervjuarbeid med UKM-deltakarar og fagpanel, jamlege oppdateringar av bilete og film på sosiale medium, samt opplasting av eigenproduserte nettsakar med bilete og tekst på nettsida [www.ukm.no/hordaland](http://www.ukm.no/hordaland).

Prosjektleiar nettsatsingar og dig. Kommunikasjon i UKM Norge hadde følgjande tilbakemelding til UKM Hordaland om ungdommane i UKM Media sitt arbeid etter festivalen i Hordaland: «*Mange nydelige bilder, eksemplariske saker og bra jobbing med sosiale medier fra Hordaland!!*»

Hordaland fylkeskommune er svært nøgd med innsatsen til Kamilla Tran sitt arbeid under UKM-festivalen Hordaland 2016 då dette m.a. gjorde det mogleg å dokumentere arrangementet for tida etterpå.

Vennleg helsing

Ronny Skaar  
Utviklingssjef / seksjonsleiar

Marianne Ose Askvik  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*